



**AUTOGRAFAFAR:** Kaja Brekke måtte ned på kne og skriva autografar då ho var på besøk på Lunde barneskule torsdag. Foto: Kenneth Svenningsen

# Fekk undervisning av ein verdsmeister

Os Bridgeklubb går all in for å verva nye talent. Torsdag hadde dei med seg verdsmeister Kaja Brekke til Lunde barneskule.

► **Kenneth Svenningsen**  
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Ikkje sidan Martin Andresen som Brannkaptein stakk innom Os Bridgeklubb i gullåret 2007, har ein brigdespelar måtta skriva autografar på samling her i kommunen. Torsdag var det igjen kø for å få namnetrekke til ein kortspel på besøk i Os. Denne gongen på Lunde barneskule.

– Eg er med for å hjelpa å fremja sporten. Eg studerer i Bergen og har kort veg opp hit, fortel Kaja Brekke.

19-åringen vart verdsmeister for spelarar under 26 år i Italia i fjor. Jessheim-jenta meiner det er viktig å starta tidleg om ein skal bli god.

– Sjølv starta eg som niåring. Det har vore viktig for karrieren min. Eg vart tidleg trygg i spelet og har fått god tid til å utvikla meg, fortel ho.

Ho trekkjer fram fleire gode ved å starta tidleg.

– Eg har fått reisa mykje rundt både



**KOSTE SEG:** Ella, Emily og Jenny var blant dei som koste seg med kortspel på skulen torsdag. Foto: Kenneth Svenningsen

i Noreg og utlandet. Eg har fått vener på tvers av by- og landegrensar. Bridge er absolutt ein arena for å bli kjent med mange kjekke folk, slår 19-åringen fast.

**Startar faste økter på Lunde barneskule**  
Takk vere hjelp frå Sparebankstiftinga DNB vil Norsk Bridgeforbund i tre år tilby skulebridge som nasjonalt tilbod til over 10.000 sjetteklassingar. Os juniorbridgeklubb er blant dei som vil vera

med og fronta satsinga. Torsdag stilte dei mannsterke på Lunde barneskule.

Leiar i Os Bridgeklubb, Tarjei Vangdal, var sentral i etableringa av prosjektet og skal ha æra for midlane som vart løyvde.

– No er ikkje bridge eit dyrt spel i seg sjølv, men for å setja dette prosjektet ut i live over heile landet, trong me litt midlar, seier Vangdal.

Han er strålende nøgd med introduksjonssøkta på Lunde torsdag.



**INITIATIVTAKAR:** Tarjei Vangdal er blant dei som har teke initiativ til bridge i skulen i Noreg. Foto: Kenneth Svenningsen

**– Sjølv starta eg som niåring. Det har vore viktig for karrieren min. Eg vart tidleg trygg i spelet og har fått god tid til å utvikla meg.**

– Det var kjempekjekt. Me hadde over 50 elevar samla og responsen var utruleg god. Borna kan jo kort, så dei kom godt inn i det på kort tid. Så var det jo eit kjempeløft for oss at me fekk med oss ein verdsmeister som instruktør, smiler Vangdal.

– Kaja var populær?

– Ja, og ho var veldig flink til å fortelja om kva glede ho har av sporten, seier han.

Ein solid skare med frivillige frå Os Bridgeklubb må til for å gjennomføra satsinga framover.

– Skulebridge er eit konsept me har importert frå Danmark. Der har dei gjort dette i fleire år. Resultatet er overveldande. Veldig mange unge har byrja å spela, fortel Vangdal.

## Inkluderande hobby

I dag går den første obligatoriske skulebridge-samlinga på Lunde barneskule av stabelen.

– Per dags dato har me 14-15 medlemmer i Os juniorbridge. Målet er sjølv sagt å rekruttera fleire medlemmer, men dette er eit heilt eige opplegg og vil gå kvar tysdag i eit par år framover. Etter kvart håpar me å kunna ha eit slikt opplegg på fleire skular, seier Vangdal.

– Kvifor trur du dette kortspelet vil appellera til born og ungdom?

– Først av alt fordi bridge er eit morosamt kortspel, men også fordi dette er ein hobby som er veldig inkluderande. Du treng ikkje vera kjapp til beins, sterk eller spenstig, og du kan ha nedsett funksjonsevne og likevel stilla heilt likt som dei andre, oppsummerer Vangdal.

Han legg til at konkurranse-elementet gjer det ekstra morosamt.

– Du konkurrerer ikkje berre med dei du spelar mot på bordet. Når me lagar til spel-økter som desse, får alle borda dei same korta. På den måten kan kvar spelar samanlikna seg med dei andre som sit på same plassen på eit anna bord. Det gjer spelet endå meir spennande, seier Vangdal.